

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: **S. og Fj.**

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: **Bremanger**

Emne: **Folkelege Musikkinstrument.**

Bygdelag:

Oppskr. av: **Alv Övrebotten.**

Gard:

(adresse): **Kjelkenes**

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
**Eigen.**

SVAR

1. Dette kjenner eg ikkje til.
2. Desse orda har eg ikkje høyrt.
3. Dei kunne lage eit eller anna som let når borna riste på det. Men det har ikkje vore noko visst. Det kunne vere ei öskje av tunn material (blekköskje) eller liknende.
4. Smelle eit blad i handa, visste dei om. Slå sund ein luftfylt papirpose brukte dei og. Blomen på blåklokke og revebjölle (rovehønskje) fekk dei og til å smelle. Skyting ved brudlaup var nok brukt. Kristianne Sörgulen, f. ikr. 1860 fortalde meg ei segn : I Ånevik i Bremanger var det ein gut som ei huldregjente hadde lagt elsk på. Ho forfylgde han på ymse måtar. Då guten skulle reise til kyrkja og verte gift, la dei frå lend og så skaut dei opp i fjæra.
5. Dette har eg ikkje høyrt noko om.

Nov. 1955.

11277

Sv Fj.  
Kjelkenes, Bremanger

Til Norsk Etnologisk Gransking,

Bygdøy.

Etter oppmoding sender eg eit utval av plystrer av jol. Eg har lagt vinn på å få dei slik som borna har brukt dei, og til dels bruker dei den dag i dag.

Eg har aldri høyrte at det vart prøvt på å stemme dei til kvarandre, eller vart prøvt å få fram melodiar på dei.

Som eit døme på at slåttetida er brigda, kan eg nemne at for ein 40 år sidan fann ein vanleg jol i graset når dei slo. Men no er han ikkje utvaksen i slåtten, og kan berre finnast i utkantane av bøen.

Kjelkenes 16/8-1948.

Vyrdsamt.

*Olav Brønbotten.*

6 fva. 11277 ?

11277